



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
fylkesdirektør Dina Lefdal
6863 LEIKANGER

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
08/423-76		Arild Ingar Lægreid	57665005	K2 - Q12	15.06.2016

FV 53 Årdal – Tyin - døgnope heilårsveg

Årdal kommune har merka seg at Sogn og Fjordane fylkeskommune i samband med Økonomiplanen for 2017 – 20 framleis vurderer tiltak som nattestenging, redusert vinterberedskap og eventuell vinterstenging av Fv. 53 Årdal - Tyin.

Vi ser no at nattestenging vinterstid mellom kl. 20 (eller kl. 21) og til kl. 10 dagen etter, er vurdert som eit tiltak på nivå 1, redusert driftsstandard kjem inn på nivå 2 og heilt vinterstengd på nivå 3. Innsparingane for vår fylkeskommune ved nattestenging er rekna til om lag 0,4 mill. kr medan innsparinga ved heil stenging vinterstid er om lag 3 mill. kr.

Vi har òg merka oss at berre nattestenging vinterstid er foreslått realisert i denne omgang. Det vil bli eit problem for det etablerte kollektivtransporttilbodet med Valdresekspresen og anna aktivitet på den tida av døgnet.

Vi vil minne om at ansvar og kostnader i dette sambandet er delt mellom Sogn og Fjordane og Oppland. Nabofylket vårt har så langt gått mot innsparingstiltak. Dei går faktisk no motsett veg ved m.a. å investere i skredsikring ved Tyinstølen.

I tillegg vil vi etterlyse ei kost-nytteanalyse for tiltaka. Ei slik analyse vil truleg vise at dette ikkje på noko vis er samfunnsnyttige tiltak, snarare tvert om. Aktiviteten på og rundt sambandet er høg, heile året. Omvegen via Filefjell og Lærdal er på 67 km. kvar veg. Det er monaleg, både i tidsbruk og reisekostnad. Vegen er dessutan inngangsporten til infrastruktur og rekreasjon i Jotunheimen, både frå søraust og vest. Innsparingane for fylkeskommunen må difor vere små samanlikna med ulempene og meirkostnadane for næringsliv, det offentlege og innbyggjarane.

Etterlyser vidare ein ROS-analyse for beredskap ved ulykker, liv og helse.

Tiltaka vil dessutan hemme utviklinga både i Årdal og øvre del av Valdres. Reiseliv er for tida hovudsatsingsområde i Årdal kommune. Denne satsinga blir gjennomført i tett samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fv. 53 er ein heilt naudsynt infrastruktur i satsinga på reiseliv. Eidsbugarden, Tyinkrysset og Filefjell vert kopla tett mot Årdal, Utladalen og Sognefjorden. Hytteturisme er ein sentral del av strategien, med store investeringar langs heile Fv. 53.

I samarbeid med Vang kommune har Årdal Utvikling kartlagt aktiviteten på og rundt sambandet. Rapporten er tidlegare lagt fram for fylkeskommunen. Den synleggjer verdien av sambandet, og særleg kor viktig det er med døgnope heilårsveg.

Generelt vil ulempene vere:

- *Særs negativt for næringslivet på både sider av fjellet, særleg reiselivet og handelen i Årdal*
- *Problem for etablert kollektivtransport*
- *Konsekvens for liv, helse og beredskap*
- *Vanskelegare kommunikasjon ved ulukker. Manglar alternativ.*
- *Årdal kjem i ei «bakevje» vinterstid*
- *Vanskelegare å tiltrekke seg kompetanse og arbeidskraft*
- *Mindre bruk av området og hyttene vinterstid*
- *Industrisamfunnet Årdal lever heile døgnet, og transportbehovet er like stort om natta som om dagen, både når det gjeld gods og pendling.*

Med helsing

Arild Ingar Lægreid

Arild Ingar Lægreid

Ordførar

Kopi:

Leiar i hovudutval for samferdsel Norvald Distad